



Stolte aurfiskarar i år: Sindre Aksnes og Jone Rødheim med aurer på 3,2 og ein kilo.(Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det har vore mange katastrofemeldingar i det siste om utviklinga av fisket i elvane rundt Hardangerfjorden. Lakselus og oppdrettsnæring har fått skylda. Men oppsynsmann Arne Terje Haugland meiner at fiskestamma i Uskedalselva framleis er på rett veg. Han viser her til fangstane både av aure og laks denne sommaren.**



Stolte laksefiskarar i år: Reidar Bauge og Halvard Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit positivt døme som Haugland tek fram er at det er fanga stor aure i Fjellandsbøvatnet som utan tvil har gått heile vegen opp frå fjorden denne sommaren. Det skuldast ikkje minst at oppgangen er gjort lettare av inngrep i elva ved Gravefossen.

Haugland har også registrert at mange fiskarar har fanga opptil fire-fem aurer og at 14-åringen Sindre Aksnes truleg har teke den største - på 3,2 kilo. Sjølv har han fått fem aurer i sommar sjølv om han har vore mykje bortreist.

Han såg mykje aure på rundt halvkiolen i starten av sesongen, tildels også langt oppe i vassdraget. Det er eit godt teikn på at småfisken kjem att utan å ha bukka under for lusa.

Haugland antar at det er teke minst 40 prosent meir fisk denne sommaren - både laks og aure - enn han har kunnskap om.

Han minnar i denne samanhengen også om kva ekspertar skreiv i samband med monteringa av kalkingsanlegget. Dei meinte at det i dei første åra ville bli eit veldig oppsving for laksen og at det ville gå ut over auren i denne tradisjonelt gode aure-elva. Men etter nokre år ville dette endre seg til fordel for auren slik at denne attvann sin tidlegare posisjon. Dette kan no vise seg å vera rett, meiner Haugland.

Når det gjeld laksefangstane så langt denne sommaren slår han fast at det ikkje berre er teke mykje smålaks, men også laks på frå seks til åtte kilo. Særleg var laksefangstane lovande like etter sesongstarten og bergensaren Leif Magne Jordal har truleg fått den største på 8,2 kilo og også ein på sju kilo. Minst tre fiskarar har fått sekskilofiskar.

Biologane frå Universitetet i Bergen som forskar intenst i Uskedalselva kunne tidlegare i sommar sjå at 300 fiskar hadde lus. Ei stund etterpå talte dei 500 fiskar og av dei hadde 80 prosent lus. Med andre ord var utviklinga trass i alt positiv.

Av Ola Matti Mathisen